

Innkomne merknader med kommentarar

Innkomne merknader frå kommunar, etatar, og regionale organ m.m. vert stutt gjennomgått og kommentert i det etterfølgjande. Alle merknader er tilgjengeleg på samarbeidsrådet si nettside under Strandsoneprosjektet.

Austevoll kommune

Kommunestyret har i møte 08.09.2015 slutta seg til høyringsforslaget med unntak av forslag til felles føresegn for naust der kommunestyret meiner det ikkje skal bestemast maks størrelse og mønehøgd.

Dessutan peikar kommunestyret på at eventuell freding i sjøbruksmiljøa ikkje må få konsekvensar for anna enn bygga det gjeld, og ikkje området som sådan. Det må ikkje hindra tenkt/planlagt utvikling på staden.

Kommentar

I forslaget til føresegn §6.3 om naust er etter drøftingar foreslått som hovudregel grunnareal på 40 m² og mønehøgd 5 m.

Bømlo kommune

Bømlo kommune handsama planen i formannskapet 01.09.2015 og Utval for areal og samferdsel og gjorde slikt vedtak:

Bømlo kommune har ingen merknader til fellesdelen av interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Fellesdelen med framlegg til føresegn er eit godt grunnlag for kvar kommune i Sunnhordland til å lagakommunedelplan for strandsona.

Etne kommune

Kommunestyret handsama saka som sak 063/15 og peika på følgjande:

- Framlagt fellesdel er godt utgangspunkt for kommunane med vidare arbeid i strandsona,
- Rapporten har eit omfang som går ut over lesbarhet
- Det er viktig å få fram hovudresultata og fordelene ved å liggja i kategori 3 etter statlege planretningslinjer.
- Strandsona må kunna utnyttast og naust bruksendrast når det ikkje skadar allmenne omsyn.
- Det er viktig å få til at mindre tiltak på eigen tomt kan gjerast utan dispensasjon
- Det er viktig at føresegnene vert skrive i lett forståeleg

Kommentar

Merknadene er søkt teke omsyn til, m.a. rapporten er omredigert og korta ned.

Stord kommune

Formannskapet vedtok uttale i møte 02.09.2015 der det vert peika på følgjande:

- Mykje av innhaldet i fellesdelen kan leggjast som vedlegg for å korta ned planomtalen og gjera han meir lesbar.
- Funksjonell strandsonekartlegging vil vera eit viktig verktøy for å syna korleis kommunane ivaretek omsynet til dei ulike verdiane i strandsona. Det same kan gjelda inndeling i 5 strandsonekategoriar. Formannskapet saknar her klårare retningslinjer

- Formannskapet kan ikkje slutta seg til retningslinjer og føresegner slik dei ligg føre. Desse må utgreiast nærare. Det vert vist nærare til rådmannen si saksutgreiing

Kommentar

Planomtalen er korta ned og mykje av utgreiinga i rapporten ligg som vedlegg. Føresegnene er revidert og vil til dels etterkoma merknadene.

Sveio kommune

Sveio kommune har handsama saka i formannskapet 28.09.2015.

Kommunen meiner det er gjort eit omfattande arbeid med den interkommunale planen som vil gjera kommunen betre rusta til framtidig kommunal planlegging og saksbehandling. Kommunen har elles følgjande merknader:

- Siste versjon av planforslaget har ikkje vore sendt kommunane til gjennomsyn eller førelagt ressursgruppa før utsending på høyring.
- Samandraget bør kortast ned og innleiinga bør vera meir konkret og avklarande.
- Det må takast omsyn til Sveio sin kulturminneplan
- Omgrepet «fritidsnaust» kan skapa forvirring og bør ikkje nyttast
- Kommunen føreslår at alle forslag til føresegner som gjeld utbygging av byggeområde (heilårsbustader, fritidsbustader og naust m.m.) vert teke ut av fellesdelen og at ein berre legg opp til eit sett med forslag til føresegner som sikrar dei verneområde og viktige allmenne interesser kommunane skal forvalte gjennom planlegginga.

Kommentar

Utsendinga skjedde utan ny runde med kommunane av tidsmessige årsaker og i samråd med arbeidsutvalet. Rapporten er etter høyringa korta ned og søkt tydeleggjort.

Men det er ikkje endring i forslag til føresegnene når det gjeld byggeområde som føreslått i siste punktet frå kommunen.

Tysnes kommune

Tysnes kommunestyre handsama saka i møte 22.09.2015 og vedtok å ta framlegget til interkommunal plan til orientering og peika på at planen gjev eit godt grunnlag for kommunane si vidare planlegging.

Tysnes meiner at fleire føreslåtte planfaglege grep i større grad må konsekvensvurderast. Dette gjeld i særleg grad kartfesting av strandsonekategoriane, men det gjeld og forslag til retningslinjer og føresegner. I neste omgang etter konsekvensvurderingane ligg føre, meiner kommunen at planen må sendast på ny høyring.

Kommentar

Arbeidsgruppa har arbeidd med revidering av rapporten med særleg vekt på klargjering av forslag til retningslinjer og føresegner. Arbeidsutvalet har så langt ikkje sett behov for ny høyring.

Fylkesmannen i Hordaland

I brev datert 01.10.2015 fremjar Fylkesmannen pålydande motsegn:

Fylkesmannen i Hordaland har motsegn til føresegna i planforslaget. Det gjeld ei rekke punkt som er i strid med plan- og bygningslova (pbl) i strid med plankrav og planformål etter lova eller ikkje inneheld den veging av interesser som skal gjerast i arealforvaltning i strandsona.

Fylkesmannen er og kritisk til føreslått til inndeling av strandsona i fem kategoriar og peikar på at dette vil vera i strid med plan- og bygningslova om det får verknad som planføre mål.

Fylkesmannen er positiv til at kommunane utarbeidar felles interkommunal plan for strandsona og forvaltning av strandsona i Sunnhordland, og ser dette som eit godt tiltak for å sikra forvaltning av strandsona i samsvar med nasjonale føresetnader, få samordna praksis lik handsaming i kommunane, samt sjå arealforvaltninga av strandsona i eit større perspektiv og i samheng i regionen.

Det vert og vektlagt samarbeidet i prosessen mellom kommunane, fylkeskommunen og fylkesmannen for å få til ein god plan som tek vare på lokale omsyn og nasjonale og regionale interesser og mål, og at det blir lagt til grunn i alle kommunane. Fylkesmannen har difor ytt økonomisk støtte ved skjønsmidlar til det interkommunale planarbeidet med kr 1 480 000 i tillegg til fagleg bistand. «Det viser den vekta vi har lagt på dette arbeidet».

Fylkesmannen går så detaljert gjennomgang av dei innvendingar han har til forslaget i eit motsegnsbrev på 25 sider. Innvendingane omfattar både innhald, form og heimel. Han avsluttar med at «Føresegna er betre, men må framleis endrast på vesentlege punkt for å gi grunnlag for ei berekraftig og ansvarleg strandsoneforvaltning. Det må også føre til ei haldning og praksis som viser at kommunane har forståing for og kan vurdere og vege verdiane i strandsona i samsvar med lova».

Kommentar

Arbeidsutvalet arbeidde etter høyringa med revidering av forslag til føresegna, og hadde også møte med Fylkesmannen (Svein Kornerud) om utforming, heimel, innhald m.m. I det høvet vart eit arbeidsdokument i form av eit råutkast av revidert framlegg til føresegner sendt Svein Kornerud til gjennomsyn før endeleg innsending. Dette resulterte i nytt motsegnsbrev 20.12.2017, med overskrift:

Vidareføring av motsegn – interkommunal strandsonerplan for Sunnhordland – føresegner

Fylkesmannen peikar på at det siste forslaget som er lagt fram, «er etter vårt syn forbetra på nokre punkt». Fylkesmannen ser dette som positivt.

Han peikar og på at den regionale kystsoneplanen som no er vedteken og ser det naturleg at denne vert lagt til grunn for vidare interkommunal planlegging i Sunnhordland, og viser til at det i kystsoneplanen heiter:

Nye byggeområde skal som hovudregel ikkje lokaliserast i 100-metersbelte eller i område kartlagt som funksjonell strandsona.

Utbygging av strandsona skal skje mest mogeleg konsentrert. Større, samanhengande inngrepsfrie bør haldast fri for nye tiltak.

Alternativ lokalisering av nye tiltak i strandsona skal vurderast før bygging vert tillate. Nye tiltak bør trekkast så langt unna sjøen som mogeleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar. Utviding av eksisterande bygningar bør om mogeleg skje vekk frå sjøen.

Det skal som hovudregel stillast plankrav til nye byggeområde i strandsona. Det kan gjerast unntak frå plankravet for konkrete område avsett i kommuneplanen, dersom dei ikkje er i strid med retningslinene og verdiane i funksjonell strandsona er i vareteke.

Motsegnsbrevet er elles på 4 sider og peikar meir detaljert på tilhøve Fylkesmannen har merknader til. Begge motsegnsbrev er tilgjengelege på Samarbeidsrådet si nettside.

Kommentar

Arbeidsutvalet har arbeid vidare med revidering av føresegnene, og søkt tilpassa desse m.a. er dei 4 avsnitta som Fylkesmannen viser til ovanfor lagt inn som «alminnelege bestemmelser» i revidert framlegg til føresegner.

Arbeidsgruppa meiner at med dei siste endringar som er gjort, vil forslag til felles føresegner vera eit tenleg reiskap for forvaltning av strandsona. Men framleis kan det vera usemje på nokre punkt mot Fylkesmannen, det gjeld særleg kva tid plankravet slår inn for tiltak i strandsona, dvs krav om regulering. Det kan her eventuelt vera grunnlag for å drøfta dette nærare med departementet.

Hordaland Fylkeskommune

Kultur- og ressursutvalet handsama saka i møte 01.10. 2015 og gjorde slikt vedtak:

1. Framlegg til Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland er eit omfattande og viktig arbeid som vil vera eit godt reiskap for kommunal planlegging.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at strandsoneplanen vert vedteken slik han ligg føre
3. Framlegg til Regionnal kystsoneplan er ikkje i samsvar med Interkommunal strandsoneplan. I prosessen vidare bør dei to planarbeida sameinast slik at strandsoneplanen vert styrande for kystsoneplanen i kapitlet som omhandlar strandsona. Dersom det ikkje er mogleg, må kapitlet om strandsona takast ut av kystsoneplanen.
4. Varig verna kulturminne er del av dei enkelte kommunane sine kulturminneplanar. Strandsoneplanen må som alle kommunale planar, ta omsyn til varig verna kulturminne og fastsette vernesonar.

Det kom følgjande protokollmerknad:

MDG og Krf er sterkt kritiske til planframlegget som er i strid med regional politikk og statlege planretningslinjer for strandsona.

Kommentar

Fylkestinget har seinare i oktober 2017 vedteke regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger som inneheld retningslinjer som skal vera retningsgjevande for vidare kommunal planlegging. Retningslinjene gjeld bygging i strandsona m.a. fellesanlegg for båtplassar og krav til naust m.m.

Forslag til retningslinjer og føresegner i den interkommunale planen er no tilassa den regionale kystsoneplanen.

Kystverket

Kystverket har gjeve uttale ved brev av 28.9.2015 og peikar på følgjande:

- Kystverkets hovudoppgåve i plansamanheng er å leggja til rette for god framkommelegheit, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, og samstundes leggja til rette effektiv og sikker hamneverksemd som ledd i sjøtransporten.
- Tilkomst til og frå hamner og viktige kaiar må haldast fri for hindringar.
- Kystverket har og ansvaret for fiskerihamner i regionen. Fiskerihamna Salthelle i Austevoll forventast ferdig i 2015 og Hovlandshagen i Bømlo er under planlegging.

- Kystverket har registrert stor pågang når det gjeld kai og bryggeplass for fritids og småbåtar og ser det som eit viktig tema å bygga ut fleire småbåthamner. Desse må planleggast slik at dei ikkje vert til hinder for nyttetraffikk.

Kommetar

Kommunane bør følgja opp planlegging av nye småbåthamner og innspela frå Kystverket i si kommuneplanlegging

Bergens Sjøfartsmuseum

Museet presiserer at skipsfunn som er eldre enn 100 år er verna etter kulturminnelova og ikkje freda som det står i rapporten.

kommunane bør vidare i sitt arbeid med føresegner til kommuneplanane sjå til at gammalt fortøyningsgods, ringar og boltar m.m. vert verna. Det same gjeld ballastrøyser frå skip.

Kommentar

Kommunane vert oppmoda om å følgja dette opp i vidare planarbeid.

Andre innspel

Det kom og innspel frå ein del private personar som stort sett gjeld konkrete saker i kommunane. Desse er gjennomgått i eige notat.

Stord, 16.05. 2018

Tbj